

## Kapittel 3: Bestandsplanar i hjorteforvaltninga

### Forord

Dette er det tredje kapittel i prosjektet «Handbok i praktisk hjorteforvaltning». Kapitlet heiter «Bestandsplanar i hjorteforvaltninga». Dei 2 første kapitla om Arealbrukskonfliktar og Kommunale målsetnader finn du og på Norsk hjortesenter si heimeside [her](#).

Formålet med dette prosjektet er å lage eit praktisk oppslagsverk innan viltforvaltning som kan nyttast til å finne informasjon rundt sentrale delar av jobben til offentleg og private hjorteforvaltarar. Mykje av stoffet i handboka vil vera aktuelt også for elgforvaltning.

Kapitelet byggjer mykje på resultat frå seinare års merkjeprosjekt. Gjennom desse har ein fått mykje kunnskap om hjorten sin områdebruk gjennom året. Vidare byggjer kapitelet på erfaringar frå ulike prosjekt om bestandsplansamarbeid.

Viltforvaltning er ikkje ein eksakt vitenskap der det finst *ein* fasit på ei utfordring. Det betyr at tolkingar og erfaringsbasert kunnskap kan spela ei viktig rolle. Difor har kunnskapen og løysingar vi presenterer ein referanse dersom det er basert på faglege arbeid. Vidare refererer vi til lover, forskrifter og andre dokument der det er naturleg. Påstandar og forslag utan referansar er difor erfaringsbaserte eller våre tolkingar av summen av faglege studiar og erfaringar.

Det er nytta aktive lenkar i teksten, slik at den interesserte lesar enkelt kan klikke seg til relevante forskrifter, lover eller andre arbeid det er vist til.

Når det gjeld kommunen si rolle, ansvar og myndigheit i viltforvaltninga samt hjelp til sakshandsaming utover det faglege innhaldet vi presenterer i dette kapitlet, viser vi til Miljødirektoratet si nettbaserte hjelpeside [miljokommune.no](http://miljokommune.no), for detaljer.

Ferdigproduserte kapittel er tilgjengeleg på Norsk Hjortesenter sine nettsider ([hjortesenteret.no](http://hjortesenteret.no); sjå også oversikt over planlagde kapittel) og på hjorteviltportalen.no.

Forfattarane har ei variert bakgrunn frå både praktisk arbeid og forskning innan hjorteforvaltninga. *Magnus Frøyen er viltforvaltar ved Norsk Hjortesenter. Stein Joar Hegland er førsteamanuensis i økologi ved Høgskulen på Vestlandet og styreleder ved Norsk Hjortesenter.*

#### Referanse til kapitlet:

Hegland, S.J. & Frøyen, M. 2016. Bestandsplanar i hjorteforvaltninga (Kap. i Handbok i praktisk hjorteforvaltning, red. S.J. Hegland), publisert på [hjortesenteret.no](http://hjortesenteret.no).

## Innhald:

<b>Forord</b> .....	1
<b>1. Kva er ein bestandsplan</b> .....	4
<b>1.1 Krav til innhald i ein bestandsplan</b> .....	4
<b>1.2 Kvifor bestandsplan</b> .....	4
<b>1.3 Bestandsplanar i høve retta tildeling</b> .....	4
<b>1.3.1 Vanskelegare avskyting ved retta tildeling</b> .....	4
<b>1.3.2 Fleksibilitet med bestandsplan</b> .....	5
<b>1.3.3 Betra avskyting med bestandsplan</b> .....	5
<b>1.3.4 Kven kan søkje om bestandsplan?</b> .....	6
<b>2. Korleis avgrense årsleveområde for lokale bestandar:</b> .....	6
<b>2.1. Hjorten brukar store område gjennom året</b> .....	6
<b>2.2. Bestandsplanområde</b> .....	7
<b>3. Målsetnader</b> .....	7
<b>3.1. Forholdet til kommunale målsetnader</b> .....	8
<b>3.2. Hovudmål</b> .....	8
<b>3.3. Delmål</b> .....	8
<b>3.4. Datagrunnlag og styringsverktøy</b> .....	8
<b>3.4.1 Fellingstal</b> .....	9
<b>3.4.2 Sett hjort</b> .....	9
<b>3.4.3 Vår teljing</b> .....	9
<b>3.4.4 Aldersbestemming av vaksne dyr</b> .....	10
<b>3.4.5 Dømer på konkretisering av delmål, tiltak og evaluering</b> .....	10
<b>4. Praktiske utfordringar ved bestandsplansamarbeid</b> .....	11
<b>4.1. Få til store nok einingar for å kunne drive målretta forvaltning</b> .....	11
<b>4.2. Vald eller bestandsplanområde?</b> .....	11
<b>4.3. Fordeling av fellingsløyva:</b> .....	11
<b>4.4. Moglegheiter og fordelar ved å kunne flytte fellingsløyve</b> .....	12
<b>4.5. Fare ved å flytte fellingsløyver?</b> .....	13
<b>5. Kommunal handsaming av søknader om godkjenning av bestandsplan</b> .....	14
<b>5.1 Søkndsfrist</b> .....	14

<b>5.2.</b>	<b>Behandlingsfrist</b> .....	14
<b>5.3.</b>	<b>Krav til bestandsplanen</b> .....	14
<b>5.3.1.</b>	<b>Fagleg innhald</b> .....	14
<b>5.3.2.</b>	<b>Arealkrav 20 ggr minstearealet</b> .....	14
<b>5.3.3.</b>	<b>Plan for avskytinga</b> .....	15
<b>5.4</b>	<b>Vald og bestandsplanområde over kommunegrenser</b> .....	15
<b>5.5</b>	<b>Årsak til å kunne avslå søknad</b> .....	15

## 1. Kva er ein bestandsplan

Ein bestandsplan er ein fleirårig plan for avskytinga av hjortevilt i eit område. Anten større vald eller fleire vald som samarbeider i eit bestandsplanområde. For å kunne få ei målretta forvaltning bør planane vere for område mest mogleg i samsvar med heile årsleveområda til «lokale bestandar». Kva ein legg i ordet bestand går ein nærare inn på i avsnittet: *Korleis avgrense årsleveområde for lokale bestandar.*

Vald med godkjend bestandsplan får fellingsløyva tildelt som valfrie dyr. Kommunen kan godkjenne bestandsplanar for inntil 5 år. Planen skal innehalde ei målsetjing for bestandsutviklinga i området og ein plan for den årlege avskytinga både for mengde og fordeling i kjønns- og alderskategoriar. Om den reelle avskytinga avvik vesentleg frå den planlagde kan kommunen trekkje godkjenninga av planen.

### 1.1 Krav til innhald i ein bestandsplan

- Mål for bestandsutviklinga - innanfor målsetjinga i det kommunale målet
- Plan for årleg avskyting fordelt på alders og kjønnskategoriar
- For bestandsplanområde skal planen og ha med fordeling av fellingskvoten til dei einskilde valda

### 1.2 Kvifor bestandsplan

Alt hjortevilt bør forvaltast etter ein plan utifrå dei målsetnader som jaktrettshavarane i området ønskjer å nå. Målsetnader må også vera i tråd med kommunale og nasjonale føringar og målsetnader. Det er jaktrettshavarane som i hovudsak har ansvar for og opplever konsekvensane av dei praktiske og økonomiske utfordringane rundt forvaltninga av hjorteviltbestandane, til dømes for arealbrukskonfliktar innan jordbruk, hagebruk og skogbruk (sjå også [kapittel 1](#)). Difor er det eit overordna mål at jaktrettshavarane skal ta så mykje av forvaltningsansvaret som muleg og då gjennom bestandsplanar. Dette vert tydeleg presisert i [rettleiaren](#) rettleiaren til hjorteviltforskrifta der det til § 15 om bestandsplan står: «Bruk av bestandsplan skal være hovudregelen ved forvaltning av elg og hjort. Det er i første rekke jaktrettshavernes ansvar å planlegge avskytingen i forbindelse med bestandsplaner.» I ein bestandsplan kan og bør ein ta med tiltak for å redusere arealbrukskonfliktar.

### 1.3 Bestandsplanar i høve retta tildeling

Det er kommunen som tildeler fellingsløyver til jaktvalda. Dette kan dei anten gjere som retta tildeling med fellingsløyva spesifisert på ulike kjønns og aldersgrupper til vald utan bestandsplan, eller som valfrie løyver til vald med bestandsplan. ([Hjorteviltforskrifta § 18](#))

#### 1.3.1 Vanskelegare avskyting ved retta tildeling

Hjorteviltet nyttar store område gjennom året, og hjorten er ikkje jamt fordelt i landskapet. Dette gjer at område som husar mykje hjort i delar av året, ofte om sumaren og tidleg haust, kan ha lite hjort i andre periodar t.d. under jakta. Ved retta tildeling til vald ([§18](#)) skal løyvetildelinga i eit område vere nokolunde lik til valda i høve godkjend areal og fordeling på ulike kategoriar. Ved små einingar gjev dette ofte vanskar med å felle dei dyra ein har fellingsløyve på. Einskilde vald vil lett kunne fylle kvoten, kanskje fleire gonger om dei fekk høve til det, medan andre vald har vanskar med å felle einskilde kategoriar. Nokre kanskje med å felle noko i det heile.

### 1.3.2 Fleksibilitet med bestandsplan

Med bestandsplan ([§15](#)) kan løyva flyttast innan planområdet og ein kan og overføre delar av fellingskvotane frå eit år til eit anna. Det er den samla avskytinga innanfor planområdet som gjeld. Ved å samarbeide om bestandsplan for større område kan jaktrettshavarane sjølve få til meir fleksible ordningar. Med godt samarbeid vil dette og kunne gjere det enklare å få til ei meir effektiv jaktutøving og ein kan lettare nå måla for avskytinga. Vald med godkjend bestandsplan får fellingsløyva tildelt som valfrie dyr og avskytinga skal gjerast i samsvar med bestandsplanen. Kvar dyra vert felte innanfor valdet kan jaktrettshavarane då styre sjølv. I teorien kan vald med bestandsplan fordele løyva vidare til jaktfelt som valfrie dyr med mål om å få ei avskyting i samsvar med planen.

Erfaring tilseier likevel at det må ei viss styring til for å kunne oppnå målsetjinga i bestandsplanen. Vald i bestandsplanområde får og si tildeling frå kommunen som valfrie dyr og fellingsløyva kan flyttast mellom valda i bestandsplanområdet. Dette berre når jaktrettshavarane sjølve er einige om det. Fordelinga av avskytinga på ulike dyrekategoriar skal likevel gjerast i samsvar med dei føringane som ligg i bestandsplanen. I høve dette kan bestandsplanen ha spesifisert fleire kategoriar enn det kommunen kan gjere ved retta tildeling. Eitt og eit halvtårige hodyr er ein slik kategori som gjerne vert spesifisert i bestandsplanar. Dette for å kunne ha ein høg andel ungdyr i uttaket og ein tilsvarande mindre del produksjonsdyr. Høg andel kalv og åringar i uttaket vil også vera ei god etterlikning av korleis naturleg dødlegheit i bestandar utan eller med lite jakt ville vore.

Det er som tidlegare nemnt den samla avskytinga for heile planområdet som gjeld. Det ligg såleis godt til rette for å kunne få til stor fleksibilitet i høve avskytinga, men det er opp til jaktrettshavarane sjølve å finne ordningar slik at dei best når avskytingsmåla i bestandsplanen.

### 1.3.3 Beta avskyting med bestandsplan

Det er dokumentert ([Hegland S.J. 2011](#)) at vald i Sogn og Fjordane med bestandsplan har auka fellingsprosent, færre hanndyr og fleire kalv og ungdyr i jaktuttaket. For perioden 2011 – 2015 hadde valda i Flora kommune med bestandsplan over 6 % større andel kalv og ungdyr i uttaket enn vald utan bestandsplan og fellingsprosenten var nærare 10 % høgare.

NINA har evaluert måloppnåing for bestandsplanen til Trondheim storviltvald for perioden 2010 – 2014 (rapport 1134). Evalueringa syner god måloppnåing i høve hovudmåla for bestandsutvikling i planperioden. Herunder ynskja bestandsreduksjon, auka andel vaksne hanndyr i bestanden og redusert beitetrykk på ROS artane. Målet om å snu trenden med reduksjon i slaktevektene vart ikkje nådd i planperioden. Dette syner at vektene ikkje responderer direkte på endringar i bestandstettleik men treng noko meir tid.

Sjølv om kommunen nytter retta tildeling til vald utan bestandsplan, ser ein oftast ei skeivfordeling i avskytinga. Generelt vert det teke ut ei overvekt av vaksne hanndyr og for lite kalv og ungdyr. Dette er et kjent problem når mange mindre einingar utan noko eigentleg målsetjing «styrer» forvaltninga. Skeiv fordeling i uttaket er uheldig for bestandsutviklinga over tid. Når ein får semje om felles mål for bestandsutviklinga gjennom

bestandsplanar for større område er det enklare å oppnå ei målretta forvaltning som tek omsyn til forvaltningsmål og biologi.

#### **1.3.4 Kven kan søkje om bestandsplan?**

Alle vald og bestandsplanområde som omfattar eit minsteareal på meir enn 20 gonger minstearealet for jakt på arten i kommunen kan søkje om bestandsplan. For at ein bestandsplan skal ha effekt er det naudsynt at den omfattar størstedelen av årsleveområde til hovudtyngda av dyra i eit område. Utifrå det ein i dag veit om storleiken på årsleveområda til hjort vil 20 gonger minstearealet dei aller fleste stader vere for lite for å kunne drive ei bestandsretta forvaltning. Kommunen kan difor auke kravet til minsteareal for å få godkjent bestandsplan, men ikkje redusere det.

### **2. Korleis avgrense årsleveområde for lokale bestandar:**

Det finns særstgå, om nokon, heilt avgrensa bestandar av hjortevilt. I dei fleste område heng bestandar saman med bestandar frå andre område. Blant anna ved at ein del av dyra frå eit område i delar av året er i same område som dyr frå andre bestandar. I tillegg vil det vere dyr som vandrar ut/inn og etablerer seg i andre område enn der dei er fødde (migrasjon) dette er viktig i høve genutveksling men spelar lita rolle i høve det ein må tenkje på i bestandsforvaltninga. Her må ein fokusere på hovudtyngda av hjort i eit område og kva område som er viktige for dei gjennom heile året.

At ein mindre del av dyra innan området ein avgrensar i delar av året er i andre område er noko ein må leve med. Annars vil ein vanskeleg klare å avgrense noko område.

Ein bestandsplan bør byggje på datagrunnlaget frå heile årsleveområdet til den lokale bestanden. Dette uavhengig av om vald har slutta seg til bestandsplansamarbeid eller ikkje.

#### **2.1. Hjorten brukar store område gjennom året**

Dei seinare åra har det vore gjennomført mange merkjeprosjekt der ein ved hjelp av GPS teknologi har fått kartlagt hjorten sin områdebruk gjennom året. Dette har vore gjort på mange dyr i mange område og har gjeve mykje ny kunnskap om hjorten sin områdebruk. Det er ingen område der ein har merkja så stor del av dyra i bestanden at ein kan sei ein til fulle har fått kartlagt alt i høve trekkveggar/mønster. Det er dei generelle trendane ein har god kunnskap om.

Dei kanskje mest overraskande funna er kor store område størstedelen av hjorten nyttar gjennom året.

Ein stor del (2/3) av hjorten har ulike leveområde sumar og vinter som dei trekkjer mellom vår og haust. Definisjonen som har vore nytta er at det skal vere minst 3 km avstand mellom dei areala dyra nyttar sumartid og areala dei nyttar om vinteren.

Dei dyra som ikkje trekkjer og har ulike leveområde sumar og vinter, har særstgå ulik storleik på årsleveområdet. Einskilde dyr er særstgå stasjonære og kan opphalde seg innanfor eit område på under 1 km<sup>2</sup> medan dei fleste av dei «stasjonære» dyra nyttar område som er langt større enn dette.

Geografi (fjordsystem, dalfører m.v.) gjev føringar for trekkvegane og generelt er det bukkane som trekkjer mest/lengst og såleis har størst årsleveområde.

Når størstedelen av hjorten dei fleste stader nyttar store område gjennom året må ein tenkje på langt større einingar enn den tradisjonelle valdstrukturen om ein ynskjer ei målretta forvaltning.

Kunnskapen frå merkjeprojekta i lag med lokal kunnskap om trekkveggar er det ein kan leggje til grunn når ein skal freiste å avgrense årsleveområda til «lokale bestandar». At ein får etablert store einingar (vald, bestandsplanområde) med felles bestandsplan er i seg sjølv eit godt utgangspunkt for å kunne få til ei målretta forvaltning.

Gode vinterbeiteområde er viktige for hjorten mange stader. Her oppheld den seg gjerne frå slutten av september til ut i mai. Å gå ut i frå slike vinterbeiteområde der mykje hjort har tilhald og freiste å sjå kva område hjorten derifrå nyttar resten av året kan vere ei grei tilnærming for å få til ei god områdeavgrensing.

## 2.2. Bestandsplanområde

Dette er eit høvesvis nytt omgrepet som vart innført i hjorteviltforvaltninga med *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* i 2012 og er i hjorteviltforskrifta sin §2 definert slik:

«-Bestandsplanområde for elg og / eller hjort: To eller flere vald i et forpliktende samarbeid, som har felles målsettinger og bestandsplan for hjorteviltarten(e) det jaktes på i området.»

Dette opnar for at vald kan samarbeide om ein felles bestandsplan utan å måtte slå seg saman i eit felles vald som tidlegare. Valda treng heller ikkje fysisk å hengje saman og dette kan gjere det enklare å få til gode forvaltningseiningar. I vald kan einskildeigedomar som ikkje ynskjer å vere med forhindre samarbeid over større områder. Dei einskilde valda i eit bestandsplanområde består som sjølvstendige einingar og får tildelt fellingsløyve frå kommunen i samsvar med bestandsplanen. Løyva får dei tildelt som valfrie dyr, men avskytinga skal gjerast i samsvar med bestandsplanen. Det er høve til å overføre fellingsløyve frå eit vald til eit anna i samarbeidet om valda ynskjer og vert samde om det. Når det gjeld å oppfylle måla for avskyting i bestandsplanen så er det den samla avskytinga for dei valda som deltek i bestandsplanområdet som gjeld. Ved at ein kan flytte løyver mellom vald er det såleis rom for stor fleksibilitet for kvar dyra kan fellast innan bestandsplanområdet.

Bestandsplansamarbeidet omfattar ikkje noko anna enn sjølve bestandsplanen. Jaktutøving, overføring/flytting av fellingsløyve mellom valda, fordeling av fellingsløyve innan valdet og andre tilhøve kring jakta er det dei einskilde valda sjølve som styrer.

Skjema for søknad om godkjenning av bestandsplanområde kan De finne [her](#). På søknadsskjemaet framkjem og krava til søknaden.

## 3. Målsetnader

Bestandsplanen må ha målsetnader for ynskja bestandsutvikling. Desse deler ein gjerne inn i hovudmål og delmål. Hovudmålet bør på eit meir overordna nivå sei kva retning ein ynskjer utvikling skal gå. Delmåla bør vere meir konkret retta mot meir spesifikke delar av bestandsutviklinga. For at ein skal kunne evaluere desse bør dei vere så konkrete som mogleg og helst målbare. Det ein stort sett har av målbare parameter er fellingsstal og -prosent, Sett hjort-indeksar, vektutvikling og gjennomsnittsalder. Gjennomsnittsalderen for dyra i bestanden kan ein sjekke ved aldersbestemming av kjever frå dei felte dyra. Då det vil

gå nokre år før ein ser endringar kan det vere høveleg å gjere dette med 3 – 5 års mellomrom.

### 3.1. Forholdet til kommunale målsetnader

Kommunane skal fastsetje mål for forvaltning av bestandane av elg, hjort og rådyr jfr. *Forskrift om forvaltning av hjortevilt §3*. Sjå og [kapittel 2](#) i handboka om kommunale mål. Kommunale mål skal ta omsyn til ei rekkje andre samfunns- og arealbruksinteresser, og ikkje berre interessene til jaktrettshavarane.

For at kommunen skal kunne godkjenne ein bestandsplan må målsetjinga og avskytingsplanen vere i samsvar med dei overordna kommunale måla.

Om det kommunale målet seier at kommunen ynskjer ein bestandsreduksjon så kan dei vanskeleg godkjenne ein bestandsplan som legg opp til bestandsvekst. Der ein har avgrensa årsleveområde for bestandar over kommunegrensar bør dei involverte kommunane samarbeide om å få til felles forvaltningsmål jfr. *Hjorteviltforskrifta §4*.

### 3.2. Hovudmål

Hovudmålet i bestandsplanen skal vere det langsiktige målet å strekkje seg etter for utviklinga av hjortebestanden i området. Dette kan då gjerne vere meir visjonært og innehalde meir runde formuleringar som t.d. – «sunn hjortebestand med god kondisjon og reproduksjonsevne», «god avkastning og utnytting av ressursen både i høve jaktutbyte og oppleving», «reducere arealbrukskonflikter (jordbruk, skogbruk, hagebruk, samferdsle, hagar, gravplassar m.v)» Då slike meir runde formuleringar lett vert subjektive og kan forståast ulikt bør ein knyte hovudmåla til ei konkret utvikling for bestanden anten stabilisere, auke eller minke ulike bestandsmessige tilhøve utifrå dagens situasjon. Dette vil og ofte innebere at ein bør gjere endringar i bestandssamansetjinga i høve alders og kjønnsfordelinga.

### 3.3. Delmål

Delmåla kan vere meir kortsiktige og skal vere mest mogleg konkrete i høve kva ein ser som viktig for å oppnå hovudmålet. Dei bør og i størst mogleg grad vere målbare slik at dei kan etterprøvast . Dei bør og beskrive tiltaka som skal til for å oppnå måla og korleis dei skal etterprøvast – evaluerast.

### 3.4. Datagrunnlag og styringsverktøy

For å kunne definere og konkretisere delmål må ein ha noko å knyte dette opp i mot. Tradisjonelt har det einaste målbare parameter ein har hatt for hjortebestandane vore fellingstal. I løpet av dei siste 10 – 15 åra har ein dei fleste stader teke i bruk Sett hjort registreringar. Mange stader vert dyr som beitar på innmark på våren systematisk registrert gjennom vårteljing. [Overvåkingsprogrammet for hjortevilt](#) har gjennom aldersbestemming og data om slaktevekter, fellingstidspunkt m.v. gjeve mykje kunnskap om bestandsstrukturar og reproduksjon for hjortebestandane i fleire regionar.

Når ein skal setje saman datagrunnlag og utarbeide bestandsplan må ein bruke tilgjengelige data frå alle valda innan området uavhengig av om dei er med i bestandsplansamarbeidet.

Vi vil gå nærare inn på bruk av data i eit eige kapittel.



### 3.4.1 Fellingstal

Fellingstala vil over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga, men dette er under føresetnad av at jakttykket er likt i perioden og at det ikkje vert sett i verk særskilde tiltak. Saman med fellingsprosenten, som vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt, vil ein kunne sei noko om utviklinga i høve bestandsstorleik/tettleik. Fellingstal er likevel lite verdifull for å skildre kjønns- og alderssamansetjing då ein ikkje veit kva som går att i skogen. Korrekt fellingsstatistikk er likevel viktig fordi ein treng desse for samanlikning med andre verktøy som t.d. Sett hjort for å kunne danne seg eit godt bilete av bestandsutviklinga. Rapportering er eit nøkkelord her, både frå jaktleiar til valdsleiar og vidare til kommunen. Fellingstal kan vere eit konkretisert delmål i seg sjølv anten totalt eller fordelt på ulike kjønns og alderskategoriar.

### 3.4.2 Sett hjort

Sett hjort er eit styringsverktøy som er basert på at jegerar registrerar tal observerte hjort under jakta. Dette i saman med opplysingar om jaktinnsats samt felte dyr dannar grunnlaget for å rekne ut ei rekkje indeksar. Endringar av desse indeksane over tid gjev signal om endringar i bestandsmessige tilhøve. [her](#).

Hjorten har store leveområde i gjennom året og kan utifrå ver og beitetilhøve bruke terrenget noko ulikt frå år til år. Dette i lag med tilfeldige avvik gjer at ein ikkje kan nytte Sett hjort på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Ein kan heller ikkje utan vidare samanlikne indeksane frå eit område til eit anna. Data vert registrert særskilt for jakt på innmark og i utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar.

Tilhøve som påverkar observasjonane kan og variere frå år til år og ein kan difor vanskeleg trekkje slutningar basert på endringar av ein indeks frå eit år til neste. Ein treng data for fleire år for å kunne sjå ein trend.

Endring av Sett hjort indeksar kan vere konkrete delmål i seg sjølv eller nyttast som evalueringsverktøy for å måle andre delmål t.d. «auke andelen bukk i bestanden». Då vil indeksen for Sett kolle pr bukk vere verktøyet for å sjå/måle om dei ynskja endringane skjer.

Verktøyet vert betre og mindre utsett for tilfeldige avvik m.v. dess større datamengd som ligg til grunn. Det er såleis viktig at jegerane fylgjer dette opp og fører registreringar frå all jakt, og for dei dagane det verken vert sett eller felt noko.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) har evaluert presisjonen og sett på styrker og moglege forbetringar i Sett Hjort/Elg registreringane i ein rapport som de finn [her](#).

### 3.4.3 Vår teljing

Mykje hjort oppsøker innmark mange stader for å beite på den fyrste groen tidleg på våren og mange stader er det tradisjon for å drive systematisk teljing av kor mykje hjort som beitar på innmarka såkalla - vårteljing. Dette vert gjort ved at ein tel hjorten på faste bøar gjerne med fleire gjentak på fastsette datoar. Diverre syner desse teljingane å ha variasjonar som ikkje kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Det vert då vanskeleg å kunne setje nokon særleg lit til teljingane i høve bestandsstorleik. Det ein likevel kan få indikasjonar på er

andelen kalv og bukk som vanlegvis let seg skilje frå andre dyr. I høve kalvar kan dette gje signal om t.d. stor kalvedødlegheit etter snørike vintrar. For bukkar så kan det over tid gje signal om andelen bukkar i bestanden vert større eller mindre.

### 3.4.4 Aldersbestemming av vaksne dyr

Alderen på dei vaksne dyra i bestanden er av stor betydning for reproduksjonsemna i hjortebestandane. Det kan såleis vere greitt å ha kunnskap om dette og endring av aldersstruktur kan vere konkrete delmål i seg sjølv. For kalv og ungdyr kan ein med sikkerheit fastsetje alderen til dyret utifrå tannsettet. For dyr 2,5 år og eldre er kjeven og tannsettet ferdig utvikla. Utifrå tannslitasje kan trenar personar skilje på om det er eit ungt eller gammalt dyr, men ikkje få nokon eksakt alder på dyret. Alderen kan fastsetjast eksakt for dei fleste dyra ved tannsnitting. [Overvåkingsprogrammet for hjortevilt](#) følger utviklinga av hjorteviltbestandane i landet gjennom innsamling av kjevar frå felte dyr i ulike regionar. Alle desse vert aldersbestemt og ein har såleis god kunnskap om alderssamansetjinga i desse regionane. For dei som ikkje er med i Overvåkingsprogrammet kan ein likevel for eigen kostnad få aldersbestemt dei vaksne dyra. Då endringane i aldersstrukturen ikkje vil endre seg veldig raskt treng ein ikkje gjere dette kvart år. Men ved å gjere det t.d. kvart 5. år vil ein kunne sjå om det skjer endringar i aldersstrukturen for dei felte dyra noko som vil spegle aldersstrukturen i bestanden.

### 3.4.5 Dømer på konkretisering av delmål, tiltak og evaluering

Tabellen nedanfor syner ei oppstilling av døme på nokre konkrete mål og aktuelle tiltak for å nå måla samt korleis ein kan evaluere måloppnåinga. Dette er same tabellen som er vist til under kapittelet om kommunale mål då måla for bestandsplanen skal samsvare med dei kommunale måla.

Delmål	Tiltak	Evalueringsverktøy	Evalueringskriterium <sup>1</sup>
<i>Bestandstettheiten skal reduserast</i>	Auka tildeling <sup>2</sup>	Sett-hjort	→ Redusert sett hjort per jegerdag/time → Auka felt av sett <sup>3</sup>
		Fellingstall	→ Auka fellingsprosent (ved stabil tildeling)
<i>Bestandstettheiten skal stabiliserast</i>	Høg andel kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort	→ Stabil sett hjort per jegerdagsverk/time → Auka felt av sett kalv
<i>Bukkeandelen skal aukast</i>	Redusera tildeling av hanndyr	Sett-hjort	→ Redusert sett kolle per bukk → Redusert «jakttrykk» på bukk
		Vårteljing	→ Auka andel bukk i vårteljingsmateriale
<i>Auka gjennomsnittsalder i bestanden</i>	Auka andel av kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort	→ Redusert sett spissbukk per bukk
		Fellingstall	→ Auka andel unge dyr i uttaket
		Kjeveinnsamling	→ Auka aldersgj.snitt

<i>Oppretthalde produktiviteten i bestanden</i>	Høg andel kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort	→ Stabil sett kalv per kolle
<i>Bestandskondisjonen skal betrast</i>	Høg tildeling av kalv og ungdyr <sup>6</sup>	Slakteveker og anna jaktmateriale (ev. Overvakingsprogram)	→ Auka gjennomsnittlege slakteveker for kalv og ungdyr (på lang sikt) → Auke kjevelengder per kategori
		Fellingstal	→ Auka andel unge dyr i uttaket
Redusera arealbrukskonfliktar mellom hjort og landbruksnæring	Auka bruk av viltfondet til avbøtande tiltak Auka tildeling i problemområder	Skadeomfang før og etter tiltak Fellingstal	→ Reduksjon i rapportert skadeomfang for avling → Beitetaksering → Auka uttak i problemområde

#### 4. Praktiske utfordringar ved bestandsplansamarbeid

##### 4.1. Få til store nok einingar for å kunne drive målretta forvaltning

Utifrå den kunnskapen ein dei seinare år har fått om hjorten sin områdebruk må ein definere større område enn den tradisjonelle valdstrukturen. Eit bestandsplansamarbeid skal omhandle ein størst mogleg andel av ein «bestand». Merkjeprojekta har avdekket at ein må opp i einingar på minimum 100 km<sup>2</sup> og i dei aller fleste område langt større for å kunne drive ei bestandsretta forvaltning. Kommunegrensar er heller ikkje noko hjorten forhold seg til og det vil ofte vere naudsynt å få til bestandsplansamarbeid over fleire kommunar.

##### 4.2. Vald eller bestandsplanområde?

Når det gjeld samanslåing til større vald for å kunne ha bestandsplan så er det eit krav om at heile arealet skal vere samanhengande. Dette kan i mange tilfelle gjere det vanskeleg om einskild mindre vald eller einskild grunneigarar ikkje ynskjer å vere med i valdet. Då vert det langt enklare å få til større einingar gjennom samarbeid i bestandsplanområder. Her er det ikkje krav om samanheng mellom valda som inngår i bestandsplanområdet. Men valda må utifrå tilgjengelig kunnskap sannsynleggjere at dei deler same «bestanden».

##### 4.3. Fordeling av fellingsløyva:

I utgangspunktet skal vald og jaktfelt ha tildelt fellingsløyva etter kor stor del av det godkjende areal i bestandsplanen dei har. Det er likevel ikkje slik at hjorten er jamt fordelt utover i landskapet og det kan vere stor skilnad i dyretettleiken mellom ulike område. Sjølv om storleiken på det godkjende arealet er likt mellom fleire vald/jaktfelt kan det vere stor skilnad på kor gode/attraktive areala er for hjorteviltet. Her vil faktorar som vegetasjonstype, topografi og korleis areala ligg i landskapet vere avgjerande. Einskilde område kan ha mykje eller lite hjort heile året medan andre kan ha mykje hjort i delar året og ha lite eller vere nesten tomme for hjort andre delar av året.

Hjorten si beiting utgjør i ein del samanhengar ei stor belastning for landbruksnæringar som skog, jord og hagebruk. Dette gjeld ikkje berre det reine avlingstapet av det hjorten et opp, men og for som vert forureina av avføring frå hjorten som kjem med under hausting. Trakkskadar og hard beiting medfører og ofte at kvaliteten på enga vert redusert og den må fornyast oftare med dei kostnadane dette inneber. Denne belastninga kan vere særskilt ulikt fordelt mellom grunneigarar. Særskilt i vinteropphaldsområde med mykje hjort samla kan dette utgjere til dels store økonomiske tap for dei som driv landbruksproduksjonar. Belastninga for jordbruksareal er og gjerne størst for dei som driv mest aktivt med godt stell av jordbruksareala medan areal som ikkje vert drivne aktivt gjerne får vere i fred. Aktivt drivne jordbruksareal utgjør i mange område ein viktig del av beitegrunnlaget for hjorten i delar av året. Ein måte å kompensere for tapet dette medfører for desse kan vere at dei får større tildeling i høve arealet enn dei som ikkje har slik belastning.

Det kan og verte vanskar med å nå avskytingsmåla dersom ein ikkje tillet eit høgare uttak på område med mykje hjort enn på meir marginale område. Dette kan og gjerast ved at det vert flytta løyver frå område med mindre tettleik til meir pressa område. Det er opp til jaktrettshavarane sjølv å kome fram til gode ordningar for å få til dette. Dette kan gjerast på mange måtar alt i frå at ein let jegerar frå andre område få kome til i delar av jakta eller ved at ein sel fellingsløyve frå meir marginale område eller på anna vis gjer dei tilgjengelig i område med stor tettleik. Her er det opp til grunneigarane sjølv i fellesskap å finne høvelege ordningar, både for å nå avskytingsmåla og for å redusere skadeomfang på landbruksproduksjonar m.v.

Det er ingen som kan krevje å få tilgang til andre grunneigarar sitt areal då denne er suveren i høve jaktretten på sin grunn. Flytting av løyver må difor baserast på frivillige ordningar med mindre anna er bestemt i jordskiftedom eller tilsvarande.

#### **4.4. Moglegheiter og fordelar ved å kunne flytte fellingsløyve**

Moglegheitene til å kunne flytte og overføre fellingsløyver er ein av hovudfordelane med bestandsplan i høve retta tildeling. Med bestandsplan ([§15](#)) kan løyva flyttast innan planområdet anten mellom jaktfelt i større vald eller mellom vald i bestandsplanområde. Ein kan og overføre delar av fellingskvotane frå eit år til eit anna. Så om eit vald eit år ikkje feller heile den tildelte fellingskvoten kan ein overføre det ein manglar eller delar av det til neste år. Likeins er det og mogleg å skyte av «neste års kvote» om ein eit år skyt meir enn det som planen seier kan ein gjere dette mot å redusere avskytinga tilsvarande påfylgjande år.

Å overføre fellingsløyve frå eit år til eit anna krev godkjenning av kommunen og dei skal setje avgrensingar for kor mykje som kan overførast anten i form av tal fellingsløyve eller i prosent av tildelte løyver. Slik overføring kan innarbeidast i bestandsplanen slik at ein ikkje treng å søkje kommunen om løyve til dette for kvart tilfelle.

Det skal særskilde grunnar til for at det vert gjeve løyve til å overføre meir enn 10 prosent av tildelte løyver i ein bestandsplan frå eit år til eit anna. Då dette gjeld for alle løyva i bestandsplanen samla vil det sjeldan vere avgrensande for overføringa for dei einskilde valda i eit bestandsplanområde.

Fellingsløyve som vert flytta mellom vald skal i høve fellingsrapporten rapporterast til kommunen av dei valda som har tildelt fellingsløyva og ikkje frå dei valda dei vart felt på. Kvar dei faktisk vert felt vil framgå av Sett hjort registreringane når desse vert fylgt opp riktig.

Overføring og flytting av fellingsløyve bør nyttast aktivt både i høve å nå avskytingsmåla i planen og for å kunne foreta ekstra avskyting i område om det er ynskjeleg å gjere det.

Tilhøve kring beiteskader på innmark eller liknande skal i hovudsak løysast av jaktrettshavarane sjølv gjennom ordinær jakt. Då vert dei moglegheitene som bestandsplanen gjev for å kunne flytte og overføre løyver eit viktig verkty.

Bestandsplanen eller vedtekter for bestandsplanområde eller vald kan ikkje ha reglar som seier at nokon skal få høve å jakte på annan sin grunn utan at grunneigaren sjølv er samd i det. Så det er opp til jaktrettshavarane sjølv å finne gode og smidige ordningar som kan løyse slike utfordringar til alle sitt beste.

#### **4.5. Fare ved å flytte fellingsløyver?**

Ein del er skeptiske til det at ein med bestandsplan kan flytte løyver og er redd for at det kan bli flytta mykje fellingsløyve frå meir marginale område til avgrensa område med større konsentrasjon av hjort. Denne skepsisen gjeld både i høve totaluttaket, men kanskje mest i høve eldre bukkar som mange stader er mangelvare grunna høgt jakttrykk.

Størstedelen av hjorten nyttar store areal gjennom året og vert mange stader konsentrert til meir typiske vinterbeiteområde utover i jakta. Tette konsentrasjonar av hjort er då fyrst og fremst knytt til slike vinterbeitelokalitetar eller i samband med brunst.

Andre meir typiske sumarbeiteområde som gjerne kan ha mykje dyr gjennom sumaren og tidleg i jakta kan vere nesten tomme for hjort når det lir litt ut i jakta.

Om ein då flyttar meir av det planlagde jaktuttaket til vinterbeiteområda skal det i teorien ikkje ha noko å sei for totalbestanden i området så lenge ein ikkje tek ut meir enn det bestandsplanen seier.

Men sjølv om ein snakkar om «bestandar» som nyttar store område gjennom året har likevel ulike dyr gjerne i familiegrupper ofte sine «eigne område» til ulike tider gjennom året innanfor dette område.

Hard avskyting innan eit avgrensa område vil såleis kunne ha stor verknad for mengda hjort på avgrensa lokalitetar sjølv om det ikkje har stor effekt for den samla bestanden i området. Dette kan nyttast aktivt t.d. for å redusere omfanget av beiteskade ved å ta ut mykje dyr i område der dette er eit problem.

Erfaring tilseier at hjorten trekkjer vekk frå område der det vert jakta intensivt over tid. Slik sett er nok faren for at ein på små avgrensa areal skal kunne «desimere» hjortebestandar ikkje særleg stor. Men ukritisk uttak av f.eks bukk gjerne konsentrert i typiske brunstområde eller på sumarbeitelokalitetar tidleg i jakta vil kunne få bestandsmessige konsekvensar om nokon uforvarande let det skje.

Ein kunnskapsbasert og realistisk bestandsplan med ei tildeling i høve det som faktisk kan takast ut vil likevel kunne hindre at dette kan skje. Når jaktrettshavarane sjølve vert ansvarlege for avskytinga og forvaltninga vil dei og vonaleg få forståing for at ei slik avskyting vil vere sær s uheldig i bestandsmessig samanheng.

Hensikta med bestandsplanar er at ein må tenkje langsiktig og bestandsmessig og ikkje berre lokalt. Og med forståing av dette er nok fordelane med å kunne flytte løyver langt større enn det som skulle vere av ulemper .

## **5. Kommunal handsaming av søknader om godkjenning av bestandsplan**

### **5.1 Søknadsfrist**

Fristen for å søkje kommunen om godkjenning av bestandsplan er 1. mai. Kommunen kan dispensere frå denne fristen etter søknad. Jfr [§37](#) i hjorteviltforskrifta.

### **5.2. Behandlingsfrist**

Kommunen skal handsame søknadane om godkjenning av bestandsplanar innan 15. juni. Dette for å kunne tildele fellingsløyve som og skal gjerast innan same fristen. Om det er dialog mellom søkjar og kommune og dei har kapasitet til det og ynskjer å få til bestandsplanar kan dei likevel handsame søknader etter denne fristen t.d. om dei har forlengja søknadsfristen. Meir om handsaming av bestandsplanar finn ein hjå [miljokommune.no](http://miljokommune.no)

### **5.3. Krav til bestandsplanen**

Dei formelle krav til bestandsplan er ikkje mange i høve det som framkjem av Hjorteviltforskrifta. I hovudsak er det 3 krav som skal innfriast: 1) kravet til arealstorleik for planområdet anten det er vald eller bestandsplanområde som søker med minimum 20 ggr minstearealet. 2) Deretter må den ha eit mål for bestandsutviklinga og 3) ein plan for den årlege avskytinga.

Det er likevel fagleg kunnskap som skal leggjast til grunn for utarbeidinga av planen. Dette inneber at det som er tilgjengelig både i høve generell kunnskap og lokal kunnskap skal nyttast.

#### **5.3.1. Fagleg innhald**

Gjennom naturmangfaldlova har det blitt strengare krav til det faglege grunnlaget for offentlege vedtak -§ 8. Kunnskapsgrunnlaget: «*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.*» Dette gjeld så vel når kommunane skal drive retta tildeling som når dei skal godkjenne bestandsplanar.

Ein bestandsplan må såleis byggje på det som er tilgjengelig av fagleg kunnskap. Dette gjeld både generell kunnskap om områdebruk synleggjort gjennom mange merkeprosjekt, bestandsutvikling gjennom *Overvåkingsprogrammet for hjortevilt*, biologi og økologi og lokal kunnskap om områdebruk, bestandsutvikling, og utfordringar i høve andre interesser m.v.

#### **5.3.2. Arealkrav 20 ggr minstearealet**

For at kommunen skal kunne handsame søknad om bestandsplan må den for det fyrste omhandle eit vald eller bestandsplanområde med eit areal som er større enn 20 ggr minstearealet for jakt på arten i området. Dette minstekravet kan kommunen auke om dei finn grunnlag for det. Det ligg i omgrepet bestandsplan at ein skal ha ein plan som femner om eit område som tilseier at ein kan drive ei bestandsretta forvaltning. Kommunen treng såleis ikkje å godkjenne ein plan sjølv om den oppfyller kravet om 20 ggr minstearealet om dei har kunnskap som tilseier at arealet ikkje tilstrekkelig for å

kunne sei at det er snakk om bestandsforvaltning. Dette kan vere at delar av årsleveområdet for den «lokale bestanden» ikkje er med i planområdet.

### 5.3.3. Plan for avskytinga

Bestandsplanen skal innehalde ein plan for den årlege avskytinga. Denne skal vise planlagt uttak fordelt på ulike kjønns og aldersgrupper. Minimum her er dei kategoriane kommunen nyttar ved tildeling etter §21 dvs. vaksne hann og hodyr, spissbuk og kalv. Ved retta tildeling ([§ 18](#)) vert ofte uttaket av 1,5 årige hodyr for lågt. Bestandsplanar bør gjerne og ha med dette som eigen kategori.

## 5.4 Vald og bestandsplanområde over kommunegrenser

Ofte er verken kommune eller fylkesgrenser naturlige grenser for hjorten sine leveområde. For å få til ei bestandsretta forvaltning kan det då i mange tilfelle vere aktuelt å etablere vald eller bestandsplanområde på tvers av slike grenser. Då dukkar problemstillingar kring kva kommune som skal administrere valdet eller bestandsplanområdet opp. I høve *Hjorteviltforskrifta* er det då den kommunen med den største delen av det teljande arealet som skal gjere dette. Det er likevel ikkje noko i vegen for at ein annan kommune gjer dette om det praktisk høver best slik og dei involverte kommunane vert samde om det.

At ein kommune administrerar vald i andre kommunar inneber at ein overlet lovpålagde oppgåver til annan kommune og det må då inngåast eit formelt samarbeid mellom kommunane. Måten å gjere dette i høve slike einskild oppgåver er å inngå vertskommunesamarbeid i samsvar med [§ 28-1a](#) i Kommuneleva.

Søknader om bestandsplanar over kommunegrenser skal i fylgje *Hjorteviltforskrifta* sendast til kommunen med størstedelen av det teljande arealet. Når søkjar utifrå tilgjengelig kunnskap har sannsynleggjort ei bestandsavgrensing som omhandlar fleire kommunar bør alle involverte kommunar likevel vere med i prosessen med handsaming av slike søknader og ta stilling til områdeavgrensinga. Ofte skal det og samstundes søkjast om godkjenning av eit bestandsplanområde. Denne handsaminga bør gjerast av dei involverte kommunane i samarbeid sjølv om det er berre ein kommune som har det formelle ansvaret og skal gjere vedtak.

Der det ut i frå bestandsmessige omsyn er hensiktsmessig bør kommunane samarbeide om felles forvaltningsmål over kommunegrensene. Dette framgår av [§4](#) i *Hjorteviltforskrifta* som og seier at Fylkeskommunen kan påleggje kommunane å gjere dette.

## 5.5 Årsak til å kunne avslå søknad

Om formalitetane kring tilslutning til planen er i orden og planen innfrir kravet til arealstorleik i høve det ein veit om lokale hjortebestandar sin arealbruk kan likevel kommunen avslå ein søknad om godkjenning av bestandsplan. Dette kan anten ver heilt eller delvis ved at dei godkjenner planen med justeringar i høve mål og avskytingsplan.

Avslag skal gjerast når ein plan ikkje har målsetnad eller avskytingsplan som er i samsvar med føringane i det kommunale målet. For dårleg eller feil kunnskapsgrunnlag kan og vere grunn til avslag.

Referansar:

Hegland, S. J. 2011. Kommunal hjorteviltforvaltning i Sogn og Fjordane: status og utfordringar. Norsk Hjortesenter Fagrapport 1/11.: 1-33

NINA rapport 1134 - Bestandsutvikling og avskyting av elg innenfor Trondheim storviltvald Evaluering av bestandskondisjon og måloppnåelse i planperioden 2010-2014 (Erling J. Solberg

Christer M. Rolandsen)

Slik vandrar hjorten i Sogn og Sunnfjord – brosjyre med oppsummering av resultata frå Mekjeprosjektet i Sunnfjord og Sogn - utarbeidd av Norsk Hjortesenter.

Erling J. Solberg m.fl. Sett elg og – Sett hjort overvåkingen: Styrker og forbedringspotensial [NINA rapport 1043](#) -